

## Referat

**Utval:** Fitjar sokneråd  
**Møtestad:** Kyrkjestova  
**Dato:** Torsdag 22.10.2020  
**Tid:** Kl. 18.30  
**Ord for dagen:** Svein

### Faste medlemmer som har møtt:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Sigrid Marie Fangel	leiar
Wenche Andersen Helland	nestleiar
Svein Lunde	skrivar
Tom Rydland	medlem
Anne Marie Røed	medlem
Herman Inge Aadland	medlem
Aase Rygg H. Nøttveit	medlem
Håkon Rydland Sæbø	medlem
Sigurd Andre Maraas	kommunal representant
Roald Drønen	sokneprest
Jan Overweg	Kyrkjeverje

### Forfall faste medlemmer:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
-------------	-----------------

### Varamedlemmer som møtte:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
-------------	-----------------

### Varamedlemmer som ikkje møtte:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Jostein Skram	1. varamedlem
Karin Marie Korsvik	2. varamedlem
Magnor Tverderøy	3. varamedlem
Hilda Gloppen	4. varamedlem
Jan Ottar Wiik	5. varamedlem
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten

## Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMM REPR
2020/46	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	x
2020/47	012.1	Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 17.09.2020	x
2020/48		Revisjonsmelding og disponering av overskot for 2019	x
2020/49		Budsjett for 2021	x
2020/50		Mandat for Gudstenesteutval og Nemnd forbygg og anlegg	
2020/51		Meldingssaker	
2020/52		Open post	
2020/53		Søknad om underskotsdekning for temakveld.	

### Sak 2020/46 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og saklister godkjent.

**Vedtak:** Innkalling og sakliste til dette møtet vart godkjent men Anne Marie ber om at misjonsprosjektet vert sett opp som eiga sak på neste møte.

### Sak 2020/47 012.1 Referat frå sist møte

Referatet frå møte den 17. september 2020 har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare.

#### Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 17. september 2020.

**Drøfting:** Anne Marie ber om at fylgjande presisering vert teken med: *Strikking skal ikkje vera ein del av liturgien under ei gudsteneste i kyrkja. Dette kan føra til ei trivialisering av det heilage og manglande respekt for gudstenesta. Derimot kan strikking vera ein aktivitet etter gudstenesta, svært gjerne i samarbeid med "Kirkens bymisjon".*

**Vedtak:** Soknerådet stadfester referatet frå møte den 17. september 2020 med tillegg av den presisering som Anne Marie ber om vert teken inn.

### Sak 2020/48 Revisjonsmelding og disponering av overskot for 2019

Rekneskapet for 2019 er no endeleg avslutta og revisor har gått gjennom det. Rekneskapet viser eit resultat på kr. 557.489,-. Elles er det i rekneskapet ein udekket sum for finansiering av investeringar som gjeld eigenkapitalinnskot i KLP på kr. 7.932,-.

Det er opp til soknerådet korleis dei vil disponera resultatet og dekket investeringane.

Aktuelle måtar å disponera resultatet på kan vera å overføra det til øyremerkte fond, investeringar eller disposisjonsfond.

Meir informasjon om revisjonsmeldinga og rekneskapet vert lagt fram i møtet

### **Framlegg til vedtak:**

Fitjar sokneråd godkjenner rekneskapet for 2019 som er gjort opp med eit overskot på kr. 557.489,-.

Overskotet vert disponert slik:

Avsett til eigenkapitalinnskot i KLP, kr. 7.932,-

Avsett til fond for ungdomsarbeid, kr. 54.200,-

Avsett til disposisjonsfond kr. 495.357,-

**Vedtak:** Som framlegg.

### **Sak 2020/49 Budsjett for 2021**

Kyrkjeverja har no utarbeida framlegg til budsjett for 2021. Når soknerådet har gjort vedtak om budsjettframlegget vert dette sendt til kommunen saman med søknad/budsjettbrev. Rådmannen lagar framlegg til budsjett for Fitjar kommune 2021 som skal leggjast fram for endeleg politisk behandling i desember. I rådmannen sitt budsjettframlegg skal det liggja inne tilskot til kyrkja, men kommunestyret kan gjera endring i løyvinga under den politiske behandlinga.

Når kommunestyret har vedteke det endelege budsjettet for 2021, må soknerådet over nyttår vedta detaljbudsjett på grunnlag av tilskotet som kommunestyret har løyvd.

I kyrkja er det løn til medarbeidarane som utgjer storparten av budsjettet. Tabellen nedanfor viser kva stillingar som var bemanna i kyrkjestaben for 2019 og 2020, og kva stillingar me har i 2021.

<b>Stilling</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>	<b>Merknad</b>
Kyrkjeverje	0,35	0,35	0,50	2019 til oktober
Kantor	0,65	0,65	0,65	
Kyrkjelydspedagog	0,80	0,80	0,80	
Kyrkjegardsarbeidar	0,50	0,50	0,50	Delvis vakanse i 2020
Vaktmeister/reinhaldar	0,30	0,20	0,20	
Kontormedarbeidar og administrativ ressurs for prestenesta	0,40	0,40	0,20	Delvis vakanse i 2019
<b>Sum</b>	<b>3,00</b>	<b>2,90</b>	<b>2,85</b>	
Klokkar på gudstenestene	(0,20)	(0,20)	(0,20)	Frivillig arbeid
Kyrkjetenar på sundagar	(0,20)	(0,20)	(0,20)	Frivillig arbeid

Nedanfor er det kommentarar til ein del postar som rådet bør merka seg:

1. For at budsjettframlegget skal gå i hop, treng me eit kommunalt tilskot på kr. 2.585.400  
I 2020 er det kommunale tilskotet på kr. 2.439.400. Da budsjetterte kostnader med vedlikehald av kyrkja i 2019 og 2020 vart utsett, styrkjar me budsjettet med 90.000 frå disposisjonsfond.
2. Møtegodtgjersle for soknerådet er budsjettert med kr. 40.000 og uforandra.
3. Satsane for gravfeste og andre inntekter på gravplassen vert ikkje endra.
4. For kyrkjeavdelinga er det lagt inn lønsmidlar til 65% kontor, 10% kyrkjetenar/reinhaldar og 20 % kyrkjetenar/vaktmeister. Elles er det lagt inn ressursar til utvendig maling og vedlikehald av tårnet på korpartiet m.m. med kr. 100.000.

5. Tilskotet til trusopplæring, som me får overført frå bispedømet, er på om lag 310.000,-. Dette skal dekkja både løn og andre utgifter ved trusopplæringa. For å få fullfinansiert trusopplæringa er det lagt opp til at kr. 200.000 av det kommunale tilskotet til klokkar og kyrkjetenar vert overført til trusopplæring. Vidare er det lagt inn ei forventning om kr. 45.000,- i gåver til dette arbeidet.
6. Når det gjeld investering, er det sett av kr. 1.890.000 til fornying av gravfelt, i tråd med planen som er utarbeid av Akasia, samt etablering av namna minnelund.

Fleire detaljar om budsjettet vil verta gjennomgått på møte.

#### **Framlegg til vedtak:**

Fellesrådet sender budsjettframlegget vidare til kommunen med dei presiseringane som kom fram i møte:

- 1.
- 2.
- 3.

**Vedtak:** Fellesrådet sender budsjettframlegget vidare til kommunen slik det vart lagt fram. I oversendingsbrevet vert teken inn eit tillegg som lyder slik: Soknerådet ser at det er i ferd med å opparbeida seg eit etterslep på vedlikehald og investering. Det vil bli utarbeida ein meir detaljert og prioritert plan. Denne vil seinare bli lagt fram for kommunen med framlegg til finansiering.

#### **Sak 2020/50 Mandat for gudstenesteutval og nemnd for bygg og anlegg**

Etter vedtak i sak 2020/28 vart nemnd og utval oppfordra til å senda soknerådet forslag til mandat for godkjenning. Det er gudstenesteutval og nemnd for bygg og anlegg som no har sendt forslag til sitt mandat.

#### **Framlegg til vedtak:**

1. Soknerådet godkjenner mandat for Gudstenesteutvalet
2. Soknerådet godkjenner mandat for Nemnd for bygg og anlegg

**Vedtak:** Som framlegg

#### **Sak 2020/51 Meldingssaker**

Ingen meldingssaker

#### **Sak 2020/52 Open post**

- Tom orienterte frå samarbeidsutvalet for barnehagen.
- Ein ber om at utval og nemnder kjem med innspel til saker i sokneråd/fellesråd. Dette skal vera fast tema under open post på slutten av kvart møte.
- Sigrid informerte om at foilar frå prostidagen vert sendt til medlemmane.
- Informert om Julegudstenestene i år. Utfordringar i forbindelse med pandemi.
- På spørsmål frå Sigurd Andre vart det gitt praktisk informasjon omkring gjenbruk av graver.
- Sak til neste møte:
  - Økonomirapport pr oktober med budsjett pr oktober og budsjett for året totalt

**Sak 2020/53 Søknad om underskotsdekning for temakveld**

Sigrid opplyste at ho var blitt kontakta av temakveldgruppa. Dei hadde tenkt å gjennomføre temakveld med Iver Kleive og Knut Reiersrud Torsdag 29.10.20 På grunn av grensa på 100 i publikum ville arrangementet gå med underskot. Dei lurte på om dei kunne få dekkja opp mot kr. 20 000,- av dette.

**Vedtak:** Temakveldgruppa får dekkja opp til kr. 20 000,- av underskotet.